

Årsmøte i Fogn grendalag måndag 20.04.2015

I første del av møtet hadde Karl Stefan Afradi eit fordreg der han la fram sentrale punkt frå bacheloroppgåva si. Høgropolitikkaren Afradi har skrive oppgåve om korleis Fogn kan bli bunde til fastlandet via bruer og tunnelar.

Val av møteleiar for årsmøte: Kristoffer Østhus vert møteleiar.

Årsmelding og rekneskap vert godkjent.

Sak til årsmøte.

Styret i grendalaget la fram forslag om ei vedtektsendring. Endringa gjekk ut på at det skulle oppretta ein valnemnd. Etter litt diskusjon rundt forslaget blei det bestemt at det skulle bli foretatt avstemming. Resultatet av avstemminga blei at 30 av 42 røysta for oppretting av valnemnd.

Desse vert valt til valnemnda:

- | | |
|------|---------------|
| 1 år | Tone Østebø |
| 2 år | Oddny Kjølvik |
| 3 år | Jakob Bø |

Val av grendalagsstyre.

Kristoffer Østhus	leiar, eit år
Joar Sandanger	ikkje på val
Arnstein Bøe	ikkje på val
Janne Aano Bø	ikkje på val
Harald Bøe	valt for to år
Merethe Kindingstad	valt for to år
Kathrine Flesjå	valt for to år
Johannes Hovda jr	varamann, ikkje på val
Arne Straumstein	varamann, valt for to år

Revisor: Ottar Sandanger, eit år.

Ymse:

Innlegg frå Joar Sandanger der han oppfordra til engasjement for grendalaget.

Forslag til ordlyd angåande vedtektsendringa som blei gjort tidlegare i møte. Håvard Østhus la fram dette forslaget:

3.2 Valnemnd

«Valnemnda består av tre personar, valt av årsmøtet. Ein person går ut kvart år. Valnemnda skal finna kandidatar til styret, styreleiar, valnemnd og revisor for grendalaget. Valnemnda er ansvarleg for gjennomføringa av dei ulike vala på årsmøtet.»

Etter litt meiningsytringar var det semje rundt dette forslaget, men styreleiar ville også kalle valnemnda inn til styremøte i grendalaget for å kome fram til ein instruks for valnemnda si organisering og deira oppgåver.

I pausen mellom «Fognfastforedraget» og årsmøtedelen var det matøkt og utlodning.

Ref. Jakob Bø